



Verneområdestyre for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane
v/Alf Odden

Dato: 11.10.2018

Vår ref.: 2018000001-260/29

Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no
Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Høyring - ny besøksstrategi for SVR 2019 - 2025

Formannskapet - 033/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saken:

1.

Forsand kommune ser på arbeidet med ein besøksstrategi for verneområda som ønskjeleg og velkomment, og tek høyringsutkastet til orientering. Det er utfordrande å utarbeide ein felles besøksstrategi for 17 verneområde i mange kommunar, likevel balanserer høyringsutkastet godt mellom overordna plan og områdespesifikke problemstillingar og målsetningar.

2. For den del av Frafjordheiane landskapsvernområde som ligg i Forsand kommune, har formannskapet følgjande kommentarar og innspel:

- Det bør utarbeidast ein kommunal reiselivsplan for Lysefjordområdet etter 2020 i den nye kommunen. Besøksstrategi for SVR vil vere ein viktig premissleverandør til denne planen når det gjeld tilrettelegging og tiltak opp mot verneomsyna. Det er difor viktig at besøksstrategien ikkje berre ser inn i verneområda, men og korleis verneområdeforvaltninga påverkar planar, arealforvaltning og satsing i tilstøytane område. Eit siktemål kan vere at reiselivsplanen koordinerast med revidering av besøksstrategien opp mot 2025 for best mogleg samordning mellom desse planane.
- Forsand kommune ser på ei ny turistforeningshytte i området nær Kjerag

som ønskjeleg. . Ein ber difor om at besøksstrategien tek høgde for ei lokalisering som vektlegg verdien av at eit slikt bygg bør vere eit signalbygg med stor marknadsføringsverdi.

- Det er andre viktige innfallsportar til Frafjordheiane landskapsvernområde i Forsand kommune: Flørli Tørejuvet med Skåpet, Øvre Espedalsstøl og Røssdalen. Forsand ser det som særst viktig at det vert etablert ein betre adkomst inn Tørejuvet, for å betre adkomsten til områda heile året. Det er naturleg at besøksstrategien og inkluderer desse, då bruken her er i sterk vekst.
- Stien til Røssdalen treng opprusting. Dette bør nemnast blant aktuelle tiltak.
- Brukarane av Røssdalen er i større grad internasjonale enn det besøksstrategien tek høgde for, og interessa for andre mål og opplevingar enn tradisjonelle punktmål som Kjerag er i sterk vekst.
- Forsand kommune er positive til planane om å utarbeide retningsliner for forvaltningspraksis i samband med ekstremportaktivitetar på Kjerag.
- Ein bør unngå skiltjungel ved Øygardsstøl gjennom ei klar retningslinje. Det må avklarast korleis forvaltninga av dette skal koordinerast mellom SVR og kommunen.
- Blant tiltak og verkemiddel kan det inviterast til eit meir generelt samarbeid med kommunane. Til dømes kan det nemnast at tilskot gjennom SMIL-ordninga kan bidra til å redusere attgroingsproblematikken i kulturlandskapet, restaurere verneverdige bygningar osv.
- Bør bruke sherpaer for å oppgradere stien inn i området frå Flørli
- Sjå elles rådmannen sine utfyllande kommentarar i saksframlegget.

For rådmannen

Bodil Vika
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG

Saksnr	Utval	Dato
033/18	Formannskapet	18.09.2018

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
	Rune Idsøe	18/1 - 224 2018006544

Vedlegg i saka:

17.08.2018 Besøksstrategi for SVR - Høyringsutkast

Uoff §

Høyring - ny besøksstrategi for SVR 2019 - 2025

1. Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forsand kommune ser på arbeidet med ein besøksstrategi for verneområda som ønskjeleg og velkomment, og tek høyringsutkastet til orientering. Det er utfordrande å utarbeide ein felles besøksstrategi for 17 verneområde i mange kommunar, likevel balanserer høyringsutkastet godt mellom overordna plan og områdespesifikke problemstillingar og målsetningar.

2. For den del av Frafjordheiane landskapsvernområde som ligg i Forsand kommune, har formannskapet følgjande kommentarar og innspel:

- Det bør utarbeidast ein kommunal reiselivsplan for Lysefjordområdet etter 2020 i den nye kommunen. Besøksstrategi for SVR vil vere ein viktig premissleverandør til denne planen når det gjeld tilrettelegging og tiltak opp mot verneomsyna. Det er difor viktig at besøksstrategien ikkje berre ser inn i verneområda, men og korleis verneområdeforvaltninga påverkar planar, arealforvaltning og satsing i tilstøytane område. Eit siktemål kan vere at reiselivsplanen koordinerast med revidering av besøksstrategien opp mot 2025 for best mogleg samordning mellom desse planane.

- Forsand kommune ser på ei ny turistforeningshytte i området nær Kjerag som ønskjeleg. Ein ber difor om at besøksstrategien tek høgde for at ei konsekvensutgreiing eller landskapsanalyse kan bidra til å finne den beste lokaliseringa utan for store konsekvensar for verneomsyna.
- Det er tre andre viktige innfallsportar til Frafjordheiane landskapsvernområde i Forsand kommune: Flørli, Tørejuvet med Skåpet og Øvre Espedalsstøl. Det er naturleg at besøksstrategien og inkluderer desse, då bruken her er i sterk vekst.
- Stien til Røssdalen treng opprusting. Dette bør nemnast blant aktuelle tiltak.
- Brukarane av Røssdalen er i større grad internasjonale enn det besøksstrategien tek høgde for, og interessa for andre mål og opplevingar enn tradisjonelle punktmål som Kjerag er i sterk vekst.
- Forsand kommune er positive til planane om å utarbeide retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremsportaktivitetar på Kjerag.
- Ein bør unngå skiltjungel ved Øygardsstøl gjennom ei klar retningslinje. Det må avklarast korleis forvaltninga av dette skal koordinerast mellom SVR og kommunen.
- Blant tiltak og verkemiddel kan det inviterast til eit meir generelt samarbeid med kommunane. Til dømes kan det nemnast at tilskot gjennom SMIL-ordninga kan bidra til å redusere attgroingsproblematikken i kulturlandskapet, restaurere verneverdige bygningar osv.
- Sjå elles rådmannen sine utfyllande kommentarar i saksframlegget.

18.09.2018 Formannskapet

Behandling:

Ole Tom Guse sette på vegne av Krf sette fram følgjande framlegg:

side 7 første punkt:

Forsand kommune ser på ei ny turistforeningshytte i området nær Kjerag som ønskjeleg. Ein ber difor om at besøksstrategien tek høgde for ei lokalisering som vektlegg verdien av at eit slikt bygg bør vere eit signalbygg med stor marknadsføringsverdi.

Kåre Oaland sette på vegne av Samlingslista fram følgjande framlegg:
Nytt forslag til andre avsnitt side sju:

Det er andre viktige innfallsportar til Frafjordheiane landskapsvernområde i Forsand kommune: Flørli, Tørejuvet med Skåpet, Øvre Espedalsstøl og Røssdalen
- Forsand ser det som særskilt viktig at det vert etablert ein betre adkomst inn Tørejuvet, for å betre adkomsten til områda heile året.
Det er naturleg at besøksstrategien og inkluderer desse, då bruken her er i sterk vekst.

Roar Larsen sette på vegne av Ap fram følgjande framlegg:

1. Bør brukes sherpaer for å oppgradere stien inn i området fra Flørli.
2. Bør vurdere på ny å plassere turisthytta (hotell) på Kjerag ved porten til området (Øygaardstøl), for ikke å ødelegge Kjeragområdet.

Ved røysting røysta ein punktvis over innkomne framlegg:

Ap. sitt framlegg til punkt 2 - 1 røyst

Krf sitt framlegg - 3 røyster (Krf. Sp.H)

Samlingslista sitt framlegg - samrøystes vedteke

Ap. sitt framlegg til punkt 1 - samrøystes vedteke

Ein røysta deretter over resten av uttalen som blei samrøystes vedteke.

FS-033/18Vedtak:

1.

Forsand kommune ser på arbeidet med ein besøksstrategi for verneområda som ønskjeleg og velkomment, og tek høyringsutkastet til orientering. Det er utfordrande å utarbeide ein felles besøksstrategi for 17 verneområde i mange kommunar, likevel balanserer høyringsutkastet godt mellom overordna plan og områdespesifikke problemstillingar og målsetningar.

2. For den del av Frafjordheiane landskapsvernområde som ligg i Forsand kommune, har formannskapet følgjande kommentarar og innspel:

- Det bør utarbeidast ein kommunal reiselivsplan for Lysefjordområdet etter 2020 i den nye kommunen. Besøksstrategi for SVR vil vere ein viktig premissleverandør til denne planen når det gjeld tilrettelegging og tiltak opp mot verneomsyna. Det er difor viktig at besøksstrategien ikkje berre ser inn i verneområda, men og korleis verneområdeforvaltninga påverkar planar, arealforvaltning og satsing i tilstøytane område. Eit siktemål kan vere at reiselivsplanen koordinerast med revidering av besøksstrategien opp mot 2025 for best mogleg samordning mellom desse planane.
- Forsand kommune ser på ei ny turistforeningshytte i området nær Kjerag som ønskjeleg. Ein ber difor om at besøksstrategien tek høgde for ei lokalisering som vektlegg verdien av at eit slikt bygg bør vere eit signalbygg med stor marknadsføringsverdi.
- Det er andre viktige innfallsportar til Frafjordheiane landskapsvernområde i Forsand kommune: Flørli Tørejuvet med Skåpet, Øvre Espedalsstøl og Røssdalen. Forsand ser det som særst viktig at det vert etablert ein betre adkomst inn Tørejuvet, for å betre adkomsten til områda heile året. Det er naturleg at besøksstrategien og inkluderer desse, då bruken her er i sterk vekst.
- Stien til Røssdalen treng opprusting. Dette bør nemnast blant aktuelle tiltak.
- Brukarane av Røssdalen er i større grad internasjonale enn det besøksstrategien tek høgde for, og interessa for andre mål og opplevingar enn tradisjonelle punktmål som Kjerag er i sterk vekst.
- Forsand kommune er positive til planane om å utarbeide retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremsportaktivitetar på Kjerag.
- Ein bør unngå skiltjungel ved Øygardsstøl gjennom ei klar retningslinje. Det må avklarast korleis forvaltninga av dette skal koordinerast mellom SVR og kommunen.
- Blant tiltak og verkemiddel kan det inviterast til eit meir generelt samarbeid med kommunane. Til dømes kan det nemnast at tilskot gjennom SMIL-ordninga kan bidra til å redusere attgroingsproblematikken i kulturlandskapet, restaurere verneverdige bygningar osv.

- Bør bruke sherpaer for å oppgradere stien inn i området frå Flørli
- Sjå elles rådmannen sine utfyllande kommentarar i saksframlegget.

Dokumentliste:

Dok.dato	Tittel
----------	--------

17.08.2018	Besøksstrategi for SVR - Høyring
------------	----------------------------------

Samandrag/fakta

Den 16.06.2017 vedtok Verneområdestyret for SVR prosjektplan for utarbeiding av besøksstrategi. Dette er ein strategiplan som hittil har mangla. Denne skal vere eit konkret og målretta forvaltningsverktøy som aktivt kan nyttast i årleg prioritering av tiltak og annan innsats. Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) består av 17 verneområde med til dels stor ulikskap i verneform, storleik, eigedomsstruktur, flora og fauna mv. Dette er ei utfordring når det gjeld utarbeiding av ein felles besøksstrategi.

I høyringsutkastet er det lagt særleg vekt på å vidareutvikle dei etablerte innfallsportane til verneområdet gjennom konkrete informasjons- og tilretteleggingstiltak. I Forsand gjeld dette Frafjordheiane landskapsvernområde og innfallsportane Røssdalen og Øygardsstøl til Kjerag.

Verneområdestyret ønskjer å skape attraktive innfallsportar til verneområda som kan bidra til gode opplevingar for dei besøkande og skape eit grunnlag for lokal verdiskaping. Besøksstrategien har og eit sterkt fokus på å ta vare på villreinstamma og andre sårbare naturverdiar i området. Dette vil skje gjennom klare føringar for styring og kanalisering av ferdsel i særleg sårbare områder. Verneområdestyret ønskje såleis å bruke besøksstrategien som eit verkemiddel for å løyse både eksisterande og forventa konflikter knytt til bruken av verneområda. Mange av tiltaka i besøksstrategien vil bli sett i verk gjennom verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell» der SVR er prosjekteigar.

Besøksstrategien skal syne kva tiltak som er naudsynte for å ta omsyn til både verneverdiar, dei besøkande og lokal verdiskaping.

I vedteken prosjektplan har verneområdestyret meisla ut desse målsettingane med besøksstrategien:

- Legge til rette for å gje vitjande ei betre oppleving
- Bidra til å ta vare på naturverdiane
- Gi barn og unge gode opplevingar i heieområda og auka forståing for vernet
- Bidra til auka verdiskaping i lokalsamfunna kring verneområda

Gjennom tiltaka i besøksstrategien skal innfallsportane til verneområda gjerast attraktive for fleire besøkande. God tilrettelegging og fleire besøkande kan gje grunnlag for

nyetableringar og skape vekst og positiv utvikling for lokale reiselivsverksemdar.

Målsettingane tek utgangspunkt i relevante forvaltningsmål frå Forvaltningsplan for SVR, Miljødirektoratet sine rettleiarar om temaet, samt allereie godkjente besøksstrategiar frå fire nasjonalparker. Ein har og tatt utgangspunkt i erfaringane frå prosjektet «Ungdom og lokal heiekultur» som er eit samarbeid mellom SVR, SNO, Statskog og fjellstyra i området.

I dette saksframlegget vert det først presentert eit samandrag av status og relevante problemstillingar som er tekne opp i høyringsutkastet som gjeld for dei deler av Frafjordheiane landskapsvernområde som ligg i Forsand kommune. Deretter kjem rådmannen med nokre kommentarar til dette.

Forsand i besøksstrategien

Reiseliv

Ifølgje SVR sitt verdiskapingsprosjekt «Frå gråberg til gull» (2008-2010) var det berre om lag 10 reiselivsbedrifter som nytta verneområda i si verksemd, og for dei fleste av desse var bruken indirekte. Eit generelt inntrykk er at det er mange besøkande, men at konsentrasjonen er stor ved nokre lokalitetar. I sluttrapporten vart store reiseavstandar og manglande overnattingsmoglegheiter i og ved verneområda framheva som dei viktigaste årsakene til den avgrensa interessa for verneområda frå reiselivets side.

Det er viktig å vere klar over at verneområda i stor grad blir påverka av kommunale planar og dispensasjonar i tilgrensande areal.

Røssdalen

Det er behov for betre parkeringsmoglegheiter ved innfallsporten Røssdalen.

Tiltak:

- Etablering av informasjonspunkt ved parkeringsplassen på Røssdalen med tilhøyrande informasjonsskilt om verneverdiar og opplevingsverdiar i Røssdalen.
- Informasjonsskilt om edellauvskogen ved leirplassen.
- Utviding av parkeringsplassen frå 25 bilar til 40 bilar.
- Ny grind ved parkeringsplassen og ved Røssdalsvatnet.

Forsand kommune har i mange år drifta toalettbygget ved leirplassen. Kapasiteten på toalettet vart auka i 2017 med støtte frå SVR. Kommunen vil halde fram med denne drifta. Ryfylke friluftsråd vil halde fram med drifta av toalettbygget på parkeringsplassen.

Utvidinga av parkeringsplassen vil skje i regi av Forsand kommune og Øvre Espedal grunneigarlag. Arbeidet vil starte opp i 2018 med økonomisk støtte frå SVR. Om eksisterande finansiering ikkje er tilstrekkeleg vil det bli søkt om tiltaksmidlar for 2019.

Øygardsstøl og Kjerag-området

Det har oppstått alvorleg terrengskade frå ferdslar til Kjerag. Omfattande tilretteleggingstiltak i form av steinsetting av stien har stoppa vidare erosjon og slitasje, og gitt grunnlag for ei omfattande revegetering av dei skadde områda.

Brukarane av Kjerag har etterspurd meir informasjon om spesielle attraksjonar, natur- og kulturverdiar i verneområdet. Edellauvskogen og Fossajuvet i Røssdalen er nemnt som døme.

Tiltak:

- Ferdigstilling og mindre utvidingar av tilretteleggingstiltak på turstien til Kjerag
- Fjerne gamle boreboltar på Kjerag
- Etablering av informasjonspunkt med portal ved Øydegardsstøl
- Samordning med informasjon frå andre aktørar og fjerning av eksisterande SVR informasjon
- Utvikle nettbasert informasjon om vernestatus, verneverdiar og åtferdsreglar
- Utarbeide retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremsportaktivitetar på Kjerag
- Gjennomføre årlege ferdselsteljingar på turstien til Kjerag

Tilretteleggingstiltaka på turstien til Kjerag har vore gjennomført frå 2014 og vil bli slutført i 2018. Stavanger Turistforening vil bidra både med både pengar og praktisk arbeid for dette tiltaket.

Nødvendig nettbasert informasjon for Kjeragområdet på ulike språk vil seinast være på plass til 2019-sesongen.

Verneområdestyret vil vedta retningslinjer for forvaltningspraksis i samband med ekstremsportaktivitetar på Kjerag i løpet av 2018.

Verneområdestyret vil stå som eigar og være ansvarleg for drift og vedlikehald av informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell ved innfallsporten.

Av tiltak som skal gjennomførast i 2018, og som det allereie er løyvd tiltaksmidlar til er fjerning av boreboltar på Kjerag. Dette har ei kostnadsramme på kr 60 000,- og skal utførast av Salvesen Fjellsport AS.

Utviding av parkeringsplassen ved Røssdalen har ei kostnadsramme på kr 50 000,- og skal utførast av kommunen og grunneigarlaget. Grunneigarlaget skal og utplassere to grindar i 2019, kostnad kr 30 000,-.

SVR vil ta kontakt med Statens Vegvesen for å få på plass ein avtale om tidspunkt for stenging og brøyting av Fv. 500 (Lysebotnvegen).

Turisthytte ved Kjerag

Stavanger Turistforening søkte i 2017 om dispensasjon til å bygge ei betjent turisthytte ved Kjeragplatået. Den omsøkte hytta var på 800m² og var plassert mellom turstien og stupkanten. Om turisthytta ikkje blir bygd har STF planar om å søke om å få sette opp ei ny nødbu ved Kjeragplatået. Bygningar i det opne landskapet ved platået eller nær stupkanten vil ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet på staden.»

Ei ny nødbu eller ei betjent turisthytte ved Kjeragplatået vil i kritiske situasjonar kunne

bidra til betre tryggleik, men samstundes vil bygningar på Kjerag være eit trugsmål mot landskapsrelaterte verneverdiar og opplevingar.

Rådmannen sine kommentarar

Innfallsportar til Frafjordheiane landskapsvernområde

Rådmannen er samd i at besøksstrategien skal ta føre seg tiltak som er retta mot allmenta, og i satsinga på få men godt etablerte innfallsportar. Øygaardstøl er her eit godt døme, med relativt god åtkomst og nærleik til Kjerag, som vel må reknast som ein av dei største attraksjonane i verneområda.

Besøksstrategien har utelatt tre andre viktige innfallsportar til dette landskapsvernområdet som ligg i Forsand kommune:

- Flørli
- Tørejuvet til Skåpet
- Øvre Espedalsstøl

Flørli med 4444 trappetrinn er ein særskilt viktig innfallsport, og bruken er i stor vekst. Her er og mange utanlandske turistar. Nokre tar turen opp og ned, medan andre går vidare til turistforeininga sine hytter og til Kjerag.

Dei nye turisthyttene ved Soddattjønn har vore ein formidabel døropnar for vekst av besøkande til Skåpet og vidare inn på stinettet i verneområdet. Forsand kommune har stått for utviding av parkeringsplass i Vinddalen, med stønad frå fylkeskommunen.

Øvre Espedalsstøl har først og fremst hatt ei lokal og til dels regional betydning, men kommunen erfarer at bruken her er i vekst. Rådmannen trur at veksten vil halde fram, og at denne innfallsporten må inkluderast i besøksstrategien.

Reiselivsnæring

Outdoorlife Norway er eit godt døme på ein ny type reiselivsbedrift som ikkje berre nytter verneområda indirekte i si verksemd. Dette er og nemnt i besøksstrategien. Vinteren 2017-2018 hadde dei teltleir ovanfor Øygaardstøl, med overnattingsturar nesten kvar helg. Rådmannen har tru på at dette er eit ledd i ein trend, der turistar i større grad ønskjer tilrettelagte aktivitetar knytt til naturopplevingar, og at potensialet i Forsand kommune er stort.

Rådmannen saknar at besøksstrategien tek høgde for dei problemstillingane som eventuell auke i denne type bruk kan føre med seg. Forsand kommune erfarer at dette føretaket er miljøbevisste, med tanke på å unngå terrengslitasje og forsøpling. Dei har nulltoleranse for å etterlate søppel, og har nytta berbare toalettløysningar. Andre og kommande aktørar er kanskje ikkje like bevisste og profesjonelle i forhold til dette.

Kjerag som innfallsport er eit godt døme på at det er viktig at ein i besøksstrategien ikkje berre ser inn i verneområda, men og ser ut over kva verdiar og interesse som naturleg heng saman i tilstøytande område. Kjerag er heilt sentral i satsinga på reiselivsutvikling og til dømes stinettet Lysefjorden rundt. Rådmannen ser at det er behov for ein heilskapleg

plan for turist- og reiselivssatsinga rundt Lysefjorden, og at denne må samkøyrast med besøksstrategien for SVR. Det vil vere like naturleg at reiselivsplanen inkorporerer besøksstrategien som at besøksstrategien og tek omsyn til behov i reiselivsplanen. Då kommunesamanslåing er nært føreståande, ser ein det ikkje som realistisk at ein kommunal reiselivsplan utarbeidast før etter 2020 i den nye kommunen, men ein felles besøksstrategi for dei to kommunane vil vere klar no i desember 2018. Eit forslag kan vere at arbeidet med ein meir detaljert reiselivsplan går føre seg parallelt med revidering av besøksstrategien opp mot 2025, slik at desse vert mest mogleg samkøyrte.

Turisthytte ved Kjerag

Rådmannen er samd i at ei turisthytte ved Kjerag kan vere i konflikt med landskapsrelaterte verneverdiar, men vil likevel påpeike at dette står og i noko kontrast til det uttalte målet i besøksstrategien om å legge til rette ved innfallsportane. Turisthytte i dette området vil nettopp kunne vere ei slik satsing, som og dekker eit reelt behov i forhold til turiststinetet rundt Lysefjorden. Det er stort behov for eit overnattingstilbod mellom Lysebotn og Langavatn eller Flørli, då desse etappane vert for lange for mange på ein dag. Dette kjem ein ikkje forbi, om ein skal komme i mål med tilrettelegging av Lysefjorden rundt.

Rådmannen er einig i at eit større signalbygg nær platåkanten, slik STF søkte dispensasjon for i fjor, kanskje ikkje er den beste plasseringa ut frå omsynet til landskapsvernet. Det bør likevel ikkje prinsipielt utelukkast at det kan etablerast ei turisthytte innanfor landskapsvernområdet, men at problemstillinga snarare handlar om lokalisering, val av storleik, arkitekturform osv. Ei konsekvensutgreiing eller landskapsanalyse kan bidra til å finne ein lokalitet som passar best ut frå verneomsyna.

Skilt ved Øygardsstøl

Øygardsstøl ligg utanfor verneområdet, men er som innfallsport til Kjerag og denne delen av landskapsvernområdet den naturlege staden for informasjonsskilt. Det har tidlegare vore kritisert at det her er for mykje skiltjungel, der og entreprenørar og statlege føretak har eigne skilt. Det bør difor utarbeidast ei retningslinje for skilting her. Det må avklarast korleis denne forvaltninga skal koordinerast mellom SVR og kommunen. Større skilt er og søknadspliktige etter plan- og bygningslova.

Retningsliner for ekstremспортaktivitetane ved Kjerag

Besøksstrategien nemner utarbeiding av ei retningsline for forvaltningspraksis i samband med ekstremспортaktivitetane på Kjerag som eit aktuelt tiltak. Rådmannen meiner dette er naudsynt, slik at ein får ein heilskapleg plan over kva som er akseptabelt og kva som ikkje er det, og kva som kan handsamast etter verneforskrift åleine, og kva som eventuelt skal handsamast av kommunen etter til dømes plan- og bygningslova. Ein erfarer at dispensasjonspraksisen i dag er nokså romsleg, noko som kan vere bra, men som og har ein del ulemper knytt til mellom anna boltproblematikk og helikopteraktivitet. Rådmannen meiner og at SVR bør orientere og samrå seg med kommunen i forkant av ein del slike dispensasjonar, då desse legg sterke føringar for kommunen si vidare handsaming etter til dømes motorferdsellova.

I samband med Heliboogie 2017 ga SVR løyve til å etablere både line for pendelhopp og ei huske som basehopparane nytta til å kaste seg lengre ut med. Begge tiltaka vart sikra med

nye boltar, med vilkår i løyvet om å fjerne boltane etter bruk. Etter heliboogien vart det og naudsynt med ekstra dispensasjon og helikopterløyve for å frakte materiell ut. Rådmannen meiner det ikkje er berekraftig i lengda å gje stadig nye dispensasjonar for kortvarige tiltak som etterlet varige spor etter bolting. I samband med utarbeiding av ei retningsline bør ein ha som mål å få avklart kva tiltak arrangørane av heliboogien ser for seg å nytte årleg framover, og kva ein kan akseptere av varige sikringstiltak som kan etablerast og nyttast om igjen.

Røssdalen

Forsand kommune har fått mange positive tilbakemeldingar på bord og benker som er satt opp på Røssdalssetta og inne ved Røssdalsvatnet. Rådmannen erfarer difor at tiltak som i utgangspunktet er mindre ønskelege på grunn av verneinteressa vert oppfatta særst positivt av brukarane. Ein kan ikkje sjå at enkel tilrettelegging som dette i område som eignar seg, og som er mykje besøkt, er konfliktfullt i forhold til landskapsvernet.

Det er fleire og fleire utanlandske turistar som går til Røssdalen. Servicetorget i kommunen har og turistinformasjon, og rapporterer om ei stadig aukande etterspurnad frå utanlandske turistar.

Det er ikkje rett at Ryfylke friluftsråd skal halde fram med drift av toalettbygget på parkeringsplassen. Ved utviding av parkeringsplassen tek grunneigarlaget over både parkeringsplassen og toalettet.

Det vil vere naudsynt å utvide parkeringsplassen enno meir. Sti frå parkeringsplassen til Røssdalsvatnet treng ei større opprusting etter regn og flaum sist vinter.

Kulturlandskap og attgroingsproblematikk

Attgroing er ikkje omtalt som noko stort trugsmål for nokon av verneområda, då desse i stor grad ligg over tregrensa. Attgroing er likevel eit aukande problem på og rundt Øvre Espedalsstølen. Forsand kommune har i 2017 gitt tilskot gjennom SMIL-ordninga til rydding av tre og einer her. Dette er likevel for lite til å løyse det stadig aukande problemet med attgroing rundt stølen og vidare innover dalen. SMIL kan og nyttast for å ta vare på verneverdige bygningar på Øvre Espedalsstøl og andre stader innanfor verneområda.

SMIL-ordninga bør kanskje nemnast som eit aktuelt tiltak i besøksstrategien. Det er kanskje ikkje alle som er klar over at landskapsvern kan kombinerast med relativt inngripande skjøtsel av kulturlandskapet, noko Forsand kommune har eigen erfaring med.

Søren Jensen
rådmann